



Policy for samfunnsansvar og berekraft for innkjøp

Innhold

1.	Innleiing	2
2.	Klima og natur	3
2.1.	Risikoområder	3
2.2.	Krav til leverandørar	3
3.	Sosiale forhold	3
3.1.	Risikoområder	3

3.2.	Krav til leverandørar	4
4.	Etisk forretningsverksemd.....	4
4.1.	Risikoområder	4
4.2.	Krav til leverandørar	4
5.	Kartlegging og aktsemdvurdering	5
6.	Val av leverandørar	5
7.	Oppfølging	5
8.	Sanksjonar og oppseiing av avtalar	6

Dokumentkontroll

Eigar og godkjenner:	Direktør økonomi og finans
Ansvarleg:	Innkjøpssjef
Produsent:	Berekraftsansvarleg
Revidert av:	Berekraftsavdelinga og innkjøpssjef
Oppretta dato:	20.01.2023
Sist oppdatert:	04.10.2023

Endringslogg

Siste endringa øvst.

Dato	Versjon nr.	Kap.	Kort beskriving	Sign
04.10.2023	1.0		Godkjent	

1. Innleiing

Sparebanken Sogn og Fjordane forventar at leverandørar og samarbeidspartnerar respekterer grunnleggande krav til miljø, sosiale forhold og etisk forretningsverksemd. Denne policyen heng i hop med innkjøpsstrategien og rutina for innkjøp i banken.

I tillegg til å etterleve policyen sjølve, forventar Sparebanken Sogn og Fjordane at leverandørane vidareformidlar krava i policyen til sine underleverandørar og bidreg til deira etterleving av dei.

Leverandørar og deira underleverandørar skal halde seg orientert om, og til ei kvar tid følgje gjeldande krav i lov, forskrift eller andre offentlege pålegg som gjeld for leverandørens verksemd og ansvarsområde. Leverandør er ansvarleg for å ha nødvendige konsesjonar og tillatelsar for å utøve si verksemd.

I tillegg til denne policyen vil det ved anskaffingar vurderast om det skal nyttast bransjespesifikke kriteriar for berekraft.

Våre leverandørar og samarbeidspartnerar skal respektere grunnleggande krav til miljø, sosiale forhold og etisk forretningsverksemd. Varer og tenester som vert levert til Sparebanken Sogn og Fjordane skal vere framstilt under forhold som er foreinleg med krava angitt nedanfor.

2. Klima og natur

2.1. Risikoområder

Sparebanken Sogn og Fjordane har identifisert følgande punkt som mest vesentlege i arbeidet med leverandørane våre innanfor klima og natur;

- Risiko for vesentlege klimagassutslepp
- Risiko for vesentleg bruk av sårbare naturressursar
- Risiko for vesentleg reduksjon av biologisk mangfald

2.2. Krav til leverandørar

Sparebanken Sogn og Fjordane stiller desse krava innan klima og natur til våre leverandørar;

- Tiltak for å redusere negative effektar på helse og miljø i heile verdikjeda skal gjennomførast gjennom minimering av utslepp, fremme effektiv og berekraftig ressursbruk, inkludert energi og vatn og minimering av klimagassutslepp i produksjon og transport.
- I lokalmiljøet på produksjonsstaden skal det ikkje utnyttast ressursar på ein grådig, omsynslaus måte, med fare for at den brukast opp eller bli skada av forureining.
- Nasjonal og internasjonal miljølovgiving og- reguleringar skal overhaldast og relevante utsleppstillatelsar skal innhentast.
- Leverandørane skal ikkje nytte stoffar med potensial for å gje alvorlege helseeffektar som kreft, mutasjoner og andre miljøskadelege stoff.
- Leverandørane skal i størst mogleg grad nytte produkt som kan gjenbrukas og har ei livssyklus med låg miljøpåverknad.
- Unødvendig emballasje skal avverjast.

3. Sosiale forhold

3.1. Risikoområder

Sparebanken Sogn og Fjordane har identifisert følgande punkt som mest vesentlege i arbeidet med leverandørane våre sosiale forhold;

Menneskerettar:

- Likestilling
- Diskriminering Sosial sikkerheit
- Tvangsarbeid
- Barnearbeid

Arbeidsrettar

- Rett til foreningsfreiheit og å organisere seg.
- Gode og trygge arbeidsforhold, helse, miljø og sikkerheit på arbeidsplassen.

- Rimelege begrensningar i arbeidstid.
- Rett til rettferdig lønn, herunder minstelønn.

3.2. Krav til leverandørar

Sparebanken Sogn og Fjordane stiller desse krava innan sosiale forhold til våre leverandørar;

Vi har lagt vekt på ILO konvensjonen,

- Det skal ikkje førekommne noko form for tvangsarbeid, slavearbeid eller ufrivillig arbeid
- Arbeidarar skal ikkje måtte syne depositum eller identitetspapir til arbeidsgjevar, og skal fritt kunne avslutte arbeidsforholdet med rimeleg oppseilingstid.
- Arbeidarar skal utan unntak ha rett til å slutte seg til eller etablere fagforeiningar. Arbeidsgjevar skal ikkje blande seg inn i, hindre eller motarbeide fagorganisering eller kollektive forhandlingar.
- Fagforeningsrepresentantar skal ikkje diskriminerast eller hindrast i å utføre sitt foreningsarbeid.
- Minstealder for arbeidarar skal ikkje vere mindre enn 15 år og i tråd med
 - i) nasjonal minstealder for tilsetting, eller;
 - ii) minstealder for obligatorisk skulegang, med høgaste alder som gjeldande.
- Dersom lokal minstealder er sett til 14 år i tråd med unntaket i ILO konvensjon 138, kan det aksepterast.
- Born under 18 år skal ikkje utføre arbeid som er til skade for helse, sikkerheit og/eller moral, inkludert nattarbeid.
- Det skal ikkje førekommne diskriminering når det gjeld tilsetting, avlønning, opplæring, forfremming, oppsigelse eller pensjonering basert på etnisk tilhøyr, kaste, religion, alder, nedsett arbeidsevne, kjønn, sivil status, seksuell legning, fagforeningsarbeid eller politisk tilhøyr.
- Arbeidarar skal ha opplæring i helse og sikkerheit, og opplæringa skal dokumenterast.
- Arbeidarar skal ha tilgang til reine sanitærfasilitetar og reint drikkevatn.
- Lønn til arbeidarar skal minst vere i tråd med nasjonale minstelønnsbestemmelser.
- Arbeidarar skal ha minst éin fridag per 7 dagar.
- Arbeidstida skal vere i tråd med nasjonale lovar, og den skal ikkje overstige arbeidstid i samsvar med gjeldande internasjonale konvensjonar.
- Overtid skal vere avgrensa og frivilleg.
- Alle arbeidarar har krav på ei arbeidskontrakt på eit språk dei forstår.

4. Etisk forretningsverksemد

4.1. Risikoområder

Sparebanken Sogn og Fjordane har identifisert følgande punkt som mest vesentlege i arbeidet med leverandørane våre innanfor etisk forretningsverksemد;

- Risiko for å ikkje etterleve prinsipp for god eigarstyring og leiing.
- Risiko for å ikkje etterleve prinsipp for god forretningsetikk.
- Risiko for å bidra til økonomisk kriminalitet, korruption, kvitvasking og terrorfinansiering.

4.2. Krav til leverandørar

Sparebanken Sogn og Fjordane stiller desse krava innan etisk forretningsverksemd til våre leverandørar;

- Sparebanken Sogn og Fjordane ynskjer og forventar openheit frå leverandørar knytt til informasjon som omhandlar miljø, sosiale forhold og etisk forretningsverksemd.
- Leverandørar skal ta bestemt avstand frå kvitvasking og ta naudsynte førehandsreglar for å unngå at andre brukar leverandøren sine transaksjonar til å kvitvaske pengar.
- Gåver eller andre fordelar som kan oppfattast som bestikkingar skal ikkje vere tilbydd våre tilsette, og denne praksis skal heller ikkje aksepterast ovanfor eigne tilsette.
- Leverandørar skal aktivt sikre at Sparebanken Sogn og Fjordane ikkje blir medskuldig i korруpsjon. Leverandøren skal sikre at Sparebanken Sogn og Fjordane ikkje nyttar godt av utført korrupsjon bakover i verdikjeda. Leverandøren skal ikkje betale bestikkingar på vegne av Sparebanken Sogn og Fjordane.
- Leverandørar bør ikkje ha handelspartnarar som har aktivitet i land som er pålagt handelsboikott av FN eller norske myndigheter.
- Leverandørar skal etterleve lovar og reglar. Sparebanken Sogn og Fjordane sine leverandørar skal ikkje undra skattar eller avgifter, og skal følgje skattereglar og internasjonale konvensjonar i dei landa dei har verksemd.
- Leverandørar skal ikkje bryte konkurranseregler, eksempelvis knytt til ulovleg prissamarbeid og ulovleg marknadsdeling, eller andre handlingar som bryt med konkurranselovgiving.

5. Kartlegging og aktsemdvurdering

Sparebanken Sogn og Fjordane gjennomfører kartlegging av kvar enkelt leverandør. Rutinane for dette arbeidet er beskrive i ei eiga retningslinje for openheitslova, som er vedteke av styret i banken. Banken ser på risiko for brot på retningslinjer, reglar og lover innanfor klima, natur, sosiale forhold og etisk forretningsverksemd. Områder som vert veklagt i kartlegginga er; størrelse på årlege innkjøp, kor stor påverknadskraft banken har hos den enkelte leverandør, geografisk lokalisering til leverandøren, underleverandørar og geografisk lokalisering, kva type produkt dei leverer, og bransje. I kartlegginga får leverandørane ein score frå låg til høg risiko. For dei leverandørane som kjem ut med høg risiko vert det iverksett tiltak og oppfølging. Det vert etterspurt ei utgreiing og ytterlegare relevant dokumentasjon frå leverandøren. Leverandørar som får låg risiko følgast opp ved årleg kartlegging.

6. Val av leverandørar

Sparebanken Sogn og Fjordane vil legge vekt på miljø, sosiale forhold og etisk forretningsverksemd ved val av leverandør. Banken vil også sjå på om leverandøren har utarbeidd eigne retningslinjer for dette. I anbodsprosessar vil Sparebanken Sogn og Fjordane legge vekt på om leverandøren er sertifisert og har miljøleiingssystem, som til dømes ISO 14001, EMAS eller Miljøfyrtårn. Banken ynskjer også at leverandørane forpliktar seg til ei målsetting om å bli klimanøytrale.

Leverandørane skal ha velfungerande varslingssystem og god handtering av klager knytt til miljø, sosiale forhold og etisk forretningsverksemd.

7. Oppfølging

Leverandørane må på oppfordring frå Sparebanken Sogn og Fjordane kunne dokumentere korleis dei sjølv arbeidar med å etterleve retningslinjer og policyar innanfor klima, natur, sosiale forhold og etisk forretningsverksemd.

8. Sanksjonar og oppseiing av avtalar

Brudd på punkt i denne policyen kan vere grunn for oppseiing av avtalen.